

UT06

Vi løyser ikkje bustadkrisa ved berre å byggje nytt

Forslagsstiller Lillehammer SV**Innstilling** Behandles**Votering** ☐ For ☐ Mot ☐ Avholdende

172 Regjeringa vil byggje 130 000 nye bustader innan 2030, men denne strategien overser ei
173 meir berekraftig løysing: å ta i bruk og transformere bygningar vi allereie har. Samstundes
174 som vi manglar bustader, står store delar av bygningsmassen tom og forfell, noko som fører
175 til unødvendig riving og tap av ressursar.

176 I Noreg står rundt 211 000 bustader tomme, særleg i mindre tettstader. I tillegg kjem eit
177 stort tal andre bygningar – frå nedlagde skular og sjukeheimar til private næringsbygg – som
178 kan gjerast om til bustader. Slik transformasjon er ofte raskare og langt meir klimavenleg
179 enn nybygg, men krev betre insentiv, som momsfritak for rehabilitering og bruk av
180 gjenbruksmaterialar.

181 Ein politikk som prioriterer gjenbruk vil skape meir levande lokalsamfunn, redusere avfall og
182 styrkje forståinga for å ta vare på eksisterande arkitektur. Samstundes treng vi ein tredje
183 bustadsektor som kan tilby rimelege, ikkje-spekulative bustader til unge og folk med låg
184 inntekt, gjennom til dømes leige-til-eige-modellar og kooperative løysingar.

185 Dei høge bustadprisane gjer at bygging av nye bustader åleine ikkje kjem til å løyse
186 bustadkrisa. Fleire utfordringar vil bli løyst samtidig dersom etablering av ein tredje
187 bustadsektor blir koordinert med tiltak for å bruke bygningar og materialar på nytt. Når
188 folket får auka kjøpekraft vil ordremengda i byggjenæringa auke. Da vil fleire få moglegheit
189 til å kjøpe eigen bustad og ulikskapen i samfunnet blir jamna ut. Vidare blir miljøet tatt meir
190 vare på enn det som er tilfelle med dagens bustadpolitikk.

191 **Innlandet SV oppmodar SV om å setje transformasjon og gjenbruk av bustader og bygningar**
192 **på dagsorden, og om å vise veg i arbeidet for ein meir berekraftig bustadpolitikk. Her kan**
193 **partiet markere seg positivt med ny politikk. Desse tiltaka bør vurderast:**

- 194 • Ein nasjonal strategi for gjenbruk av tomme bygningar, som legg til rette for høg
195 grad av gjenbruk av statlege og kommunale eigedomar til bustadformål, men òg
196 private.
- 197 • Å berre tillate riving dersom det kan dokumenterast at rehabilitering ikkje er teknisk,
198 miljømessig eller økonomisk forsvarleg.
- 199 • Å tilpasse forskriftskrav slik at det blir enklare å rehabilitere og transformere eldre
200 bygningar til bustader.
- 201 • Å lovfesta eit minstekrav om at alle rehabiliterings- og nybyggprosjekt skal bruke ein
202 stor del naturlege materialar med lågt klimaavtrykk.
- 203 • Å innføre tilskotsordningar samt skatte- og momsfordelar som oppmuntrar til
204 rehabilitering og gjenbruk framfor nybygg.